

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Komite for næring, kultur og idrett
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 12.12.2016
Tid: 16:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 06.12.2016

Stig Arne Helsem Sævik
leiar


OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 74/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 75/16	Protokoll frå førre møte
PS 76/16	Referatsaker
PS 77/16	Søknad om kulturmidlar - eingongsinvestering, Gurskøy Idrettslag
PS 78/16	Søknad om kulturmidlar - disposisjonspost, Tofteunet/Myklebustunet
PS 79/16	Søknad om kulturtilskot - disposisjonspost, kulturhelg i Molde 2016
PS 80/16	Årsmelding og rekneskap Herøy frivilligsentral 2015
PS 81/16	Jensholmen Nord - søknad om RDA-midlar
PS 82/16	Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av ballbinge på Frøystad samt støtte til tiltaket
	Referatsaker
RS 11/16	Tilskot til 17.mai 2016 på Bergsøy
RS 12/16	Tilskot til 17. mai 2016 på Moltustranda

PS 74/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 75/16 Protokoll frå førre møte

PS 76/16 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2016/1315
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
77/16	Komite for næring, kultur og idrett	12.12.2016

SØKNAD OM KULTURMIDLAR - EINGONGSINVESTERING, GURSKØY IDRETTSLAG

Tilråding:

1. Gurskøy Idrettslag får tilsegn om tilskot til eingongsinvestering på kr. 40 000 til innreiing av garasje/klubblokale slik omsøkt.
2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre kvitteringar for gjennomført prosjekt.
3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.231 Prosjektmidlar.

Særutskrift:
Gurskøy Idrettslag v/ Oline Kleppe
Økonomileiar
Eigedomleiar
Kulturleiar

Vedlegg:

Søknad om tilskot
Årsmøteprotokoll (uprenta)
Rekneskap 2015 (uprenta)
Budsjett 2016 (uprenta)
Søknad om spelemidler

Saksopplysningar:

Saka gjeld søknad om kulturmidlar til innreiing av nytt klubblokale til Gurskøy idrettslag. Lokalet er gjort tilgjengeleg ifm. påbygging av Leikanger skule, og inneber at idrettslaget får disponere kjellaren i det nye skuletilbygget. Det skal skrivast avtale mellom idrettslaget og kommunen ved eigedomsavdelinga om drift og vedlikehald av lokala.

Tiltaket bidreg bl.a. til å nå kommunens arbeid med samfunnsutvikling og gode oppvekstvilkår.

Gurskøy idrettslag skriv m.a. i søknaden:

«Vi har i samband med utbygginga hatt fleire møter og god dialog med kommunen for å innarbeide GIL sine behov i planlegginga av bygget.

Sjølv om kommunen stiller sjølve bygningskroppen til disposisjon for GIL, vil det framleis vere eit stor prosjekt for GIL å ferdigstille det innvendige arbeidet og innreie lokalet. I prosjektet vil GIL stå for alt innvendig snikkararbeid inkl. isolering og avdeling av nokre rom, elektrisk, ventilasjon, røyrleggar og innreiing av roma. Ved ferdigstilling vil GIL ha fått eit flott lokale som vert nytta i drifta av Gurskøy stadion, samt lager, kiosk og møte/samlingslokale for idrettslaget.»

I høve prosjektet søker Gurskøy IL om kr. 40 000 i kulturmidlar frå kommunen, og skriv vidare at *«Ei slik økonomisk støtte vil vere av stor verdi for dette som er eit stort prosjekt for Gurskøy IL.»* I tillegg vil GIL bl.a. søkje om spelemidler til prosjektet.

2.2 Budsjett

Budsjettet for prosjektet er vist i Tabell 1.

Tabell 1 Budsjettoverslag innreiing av GIL-kjellar

Spesifikasjon	Prisoverslag NOK, inkl. mva
Rørleggararbeid	110 000,-
Ventilasjon	135 000,-
Elektroarbeid, inkl. golvvarme i varme delar av bygget	150 000,-
Snikkararbeid, inkl. isolasjon, golv, vegg etc.	295 000,-
Kjøkkeninnreiing inkl. kvitevarer	70 000,-
Øvrig innreiing, lager, garasje etc.	70 000,-
Administrasjon	35 000,-
Uforutsett/kostnadsauke	85 000,-
Totalt	950 000,-

2.3 Finansieringsplan

Finansieringsplan for del prosjektet er vist i Tabell 2.

Tabell 2 Finansieringsplan GIL-kjellar.

Spesifikasjon	NOK
Eigenfinansiering, bokførte midlar	84 000,-
Dugnadsinnsats (400 t å 200,-/t)	80 000,-
Spelemidler	316 000,-
Momskompensasjon varer og tenester	30 000,-
Kulturmidlar frå Herøy kommune	40 000,-
RDA-midler	250 000,-
Sponsormidler etc. *	150 000,-
Totalt	950 000,-

(* Det er tenkt nytta eigenkapital/ lån viss ikkje vi klarer å få inn sponsormidler).

Vurdering og konklusjon:

Søknaden frå Gurskøy IL oppfyller kulturmidlane sine retningslinjer for tilskot til eingongsinvesteringar/prosjekt. Ved tilskot til eingongsinvesteringar seier retningslinene at:

- maksimumsbeløp for tildeling er kr. 40 000
- dekninga skal ikkje overskride ¼ del av kostnadane

Gurskøy IL har søkt om eit tilskot på kr. 40 000.

Totalt er prosjektet kostnadsberekna til kr. 950 000.

Rådmannen vurderer at klubbhuset til Gurskøy IL og dei beskrivne aktivitetane huset er til for, er eit viktig bidrag for å leggje til rette for aktivitetar særleg for born og unge, samt gode møteplassar og folkehelseiltak blant innbyggjarane på Leikong.

Konsekvensar for folkehelse:

Idretten er med sin daglige aktivitet ein viktig folkehelseaktør i det norske samfunnet. NIF er Noregs største frivillige organisasjon for born og ungdom. Forbundet si kjerneverksemd er å leggje til rette for og gjennomføre trening og fysisk aktivitet i idrettslag. Den aktiviteten som kvar einaste dag vert gjort gjennom idrettslaga er det største og viktigaste bidraget frå idretten til samfunnet, for å fremje folkehelsa i landet. (idrettsforbundet.no).

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Ingen ut over allereie vedteke budsjett for 2016.

Fosnavåg, 04.12.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar



Herøy kommune

Rådhusgata 5

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Telefon: 70 08 13 00

Telefaks: 70 08 13 01

E-post: postmottak@heroy.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.heroy.kommune.no>

Innsendt: 22.09.2016 22:00

Ref.nr: UMTUKS

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2016/1315	Saksbeh.
26 SEPT. 2016	
Ark.kode P 233	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Kulturformål - søknad om tilskudd

Opplysninger om søker		
Søker er:		
☐ Privatperson		
☐ Virksomhet uten organisasjonsnummer		
☒ Virksomhet med organisasjonsnummer		
Org.nr. 991946284	Forening/organisasjon GURSKØY IDRETTSLAG	Stiftelsesår 1 920
Adresse Kleppeåsen 133	Postnr. 6080	Poststed
E-postadresse olinekleppe@gmail.com		
Telefon 92289447		
Bankkonto 3909 30 15162		
Tilknyttet fylkesorganisasjon Møre og Romsdal idrettsforbund		
Tilknyttet landsorganisasjon Norgesidrettsforbund		
Internettadresse		

Styrets sammensetning		
Styrets leder Oline Kleppe		
Adresse Kleppeåsen 133	Postnr. 6080	Poststed Gurskøy
E-postadresse olinekleppe@gmail.com		Telefon 92289447
Kasserer Gunn-Cesilie Langberg		
Adresse Langåsen 6	Postnr. 6080	Poststed Gurskøy
E-postadresse gunnjolang@gmail.com		Telefon 91764042

Undergrupper		
Betegnelse undergruppe Trimgruppa	Kontaktperson Anne-Carien Leikanger	Telefonnr. 95138521
Betegnelse undergruppe Fotballgruppa	Kontaktperson Are Pilskog	Telefonnr. 97766471

Kulturformål - søknad om tilskudd

Betegnelse undergruppe Lysløypegruppa	Kontaktperson Erlnig Kleppestrand	Telefonnr. 41312109
Betegnelse undergruppe	Kontaktperson	Telefonnr.

Aktiviteter

Forenings/gruppens aktiviteter Fjelltrimturar	Bruktid/hyppighet per år 5000
Forenings/gruppens aktiviteter Turar i lysløypa	Bruktid/hyppighet per år 12000
Forenings/gruppens aktiviteter Fotballtreninger	Bruktid/hyppighet per år 280
Forenings/gruppens aktiviteter Barnegym	Bruktid/hyppighet per år 30
Forenings/gruppens aktiviteter Saltrim	Bruktid/hyppighet per år 30

Aktive medlemmer

Aktive medlemmer Under 20 år	Antall 113
Aktive medlemmer Over 20 år	Antall 161
Aktive medlemmer	Antall
	Totalt aktive medlemmer 274

Kommentarer

Medlemskontingent

Medlemsgrupper	Antall	Kontingent	Beløp
Gruppe 1	274	100	27 400
Gruppe 2			0
			0
			Sum inntekt medlemskontingent 27 400

Eiendommer/anlegg

Nåværende eiendommer/anlegg

Garasje til trakkemaskin på Leikongeidet

Vedlikehold

Gurskøy stadion kunstgrasbane 7-ar

Ballbinge ved Leikanger skule

Lysløype på Leikongeidet

Ev. planer om nyanlegg/rehabilitering

Innreiing av garasje/kiosk/klubblokale ved Gurskøy stadion

Søknad om tilskudd

Tilskuddsordning Tilskot eingongsinvestering/Prosjekt	Søknadsbeløp 40 000
Tilskuddsordning	Søknadsbeløp

	Sum 40 000
--	---------------

Søknad

I samband med Herøy kommune si påbygging av Leikanger skule vil Gurskøy idrettslag (GIL) få disponere kjellaren i det nye skuletilbygget. Vi har i samband med utbygginga hatt fleire møter og god dialog med kommunen for å innarbeide GIL sine behov i planlegginga av bygget.

Sjølv om kommunen stiller sjølv bygningskroppen til disposisjon for GIL, vil det framleis vere eit stor prosjekt for GIL å ferdigstille det innvendige arbeidet og innreie lokalet. I prosjektet vil GIL stå for alt innvendig snikkararbeid inkl. isolering og avdeling av nokre rom, elektrisk, ventilasjon, rørleggar og innreiing av roma. Ved ferdigstilling vil GIL ha fått eit flott lokale som vert nytta i drifta av Gurskøy stadion, samt lager, kiosk og møte/samlingslokale for idrettslaget.

Gurskøy idrettslag søker med dette om 40 000,- i støtte frå Herøy kommune sine kulturmidlar for prosjektet Innreiing av klubblokale ved Gurskøy stadion på Leikong. Ei slik økonomisk støtte vil vere av stor verdi for dette som er eit stort prosjekt for Gurskøy IL.

Vedlagt ligg projektskildringa for prosjektet inkl. kostnadsoverslag og finansieringsplan. Om det er behov for ytterlegare informasjon er det berre å ta kontakt.

Gurskøy idrettslag håper Herøy kommune vil innvilge søknaden.

Vedlegg		
Legg ved siste reviderte godkjente regnskap Rekneskap 2015.pdf		Ettersendes ☐ per post
Legg ved årsberetning Årsmøteprotokoll 2016 signert.pdf		Ettersendes ☐ per post
Legg ved budsjett for inneværende år Budsjett 2016.pdf		Ettersendes ☐ per post
Medlemslister med fødselsår Gurskøy idrettslag_meldemliste_2015.xls		Ettersendes ☐ per post
Andre vedlegg:		
Type vedlegg Søknad og projektskildring	Last opp vedlegg Gurskøy IL Innreiing klubblokale Søknad om kulturmidlar Herøy kommune_m_vedlegg.pdf	Ettersendes ☐ per post

Herøy kommune
v/ Kulturleiar Eileen Gjerde
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Gurskøy 2016-11-02

GURSKØY IDRETTSLAG - INNREIING AV KLUBBLOKALE; SØKNAD OM SPELEMIDLAR

I samband med Herøy kommune si påbygging av Leikanger skule vil Gurskøy idrettslag (GIL) få disponere kjellaren i det nye skuletilbygget. Vi har i samband med utbygginga hatt fleire møter og god dialog med kommunen for å innarbeide GIL sine behov i planlegginga av bygget.

Sjølv om kommunen stiller sjølve bygningskroppen til disposisjon for GIL, vil det framleis vere eit stor prosjekt for GIL å ferdigstille det innvendige arbeidet og innreie lokalet. I prosjektet vil GIL stå for alt innvendig snikkararbeid inkl. isolering og avdeling av nokre rom, elektrikar, ventilasjon, røyrleggar og innreiing av roma. Ved ferdigstilling vil GIL ha fått eit flott lokale som vert nytta i drifta av Gurskøy stadion, samt lager, kiosk og møte/samlingslokale for idrettslaget.

Gurskøy idrettslag viser til prosjektet sin status i Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv samt idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av prosjektet som vart vedteken av kommunen 9.6.2016. Gurskøy IL oppfattar det som at heile prosjektet vårt går inn under definisjonen av idrettshus i avsnitt 2.6.4 i «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet». Sidan den totale prosjektkostnaden vår er på under 1 000 000,- ser vi ingen grunn til å splitte opp summane for ulike typar bruk. Gurskøy IL søker med dette om eit tilskot på 316 000,- til innreiing/innvendig byggearbeid for klubb- og driftslokale. Søknadssummen utgjer 1/3 av godkjent kostnad.

Vedlagt ligg projektskildringa for prosjektet inkl. kostnadsoverslag og finansieringsplan. Om det er behov for ytterlegare informasjon er det berre å ta kontakt.

Vennleg helsing



Oline Kleppe

Leiar Gurskøy IL

E-post: olinekleppe@gmail.com

Tlf. 92 28 94 47

Vedlegg: Projektskildring Gurskøy IL Innreiing klubblokale

Gurskøy idrettslag

Innreiing/innvendig byggjearbeid av drifts- og klubblokale



1 BAKGRUNN

Bygdefolket og dei ulike laga og organisasjonane på Leikong har i fleire år sett at både skulen i bygda, og storstova vår, Grendahuset, har hatt trong for utviding og oppgradering. Etter initiativ frå bygdefolket fekk vi kommunen med på eit sambruksprosjekt der kommunen står for tilbygg og rehabilitering av skulen og påbygging av Grendahuset, medan bygda har fått ansvar for å fylle grendadelen av bygget med innhald. Medan Gurskøy idrettslag får disponerer kjellarlokala under skuletilbygget til klubb- og driftslokale.

I løpet av dei siste åra har det vore stor tilflytting og ein positiv befolkningsvekst på Leikong. Elevtalet på skulen har hatt ei jamn auke, og har auka frå 50 til 80 elevar på få år. Leikong har vorte ein attraktiv stad å flytte til for barnefamiliar i etableringsfasen. Leikanger Grendahus vart bygt i 1980 og er den store møtestaden i bygda, med eit mylder av aktivitetar frå lag og foreiningar på kveldstid og i helgane. Gurskøy idrettslag (GIL) nyttar gymsalen i Grendahuset til aktivitetar som barnegym, saltrim og fotballtreningar om vinteren når det er behov for treningar innandørs. I tilknytning til Grendahuset ligg 7'ar kunstgrasbana vår som vart opna i 2013.

I 2013 starta ei prosessen med å kartlegge utfordringane og behova til alle huset sine brukarar, og samanstillе desse. Ei arbeidsgruppe utførte behovsanalyse gjennom spørreskjema og intervju med dei ulike brukargrubbene, og i tillegg vart det gjennomført eit skuleprosjekt og folkemøte. Leikanger skule vart også drege med i prosjektet for å kartlegge skulen sitt areal- og funksjonsbehov.

Arbeidsgruppa såg at ein, gjennom å tenke sambruk, kan oppnå ei rimeleg fellesløyising, som imøtekjem dei fleste behova som kom fram i brukarundersøkingane. Resultatet har munna ut i eit stort sambruksprosjekt med påbygging av Leikanger skule, utviding av Leikanger Grendahus og klubb- og driftslokale for Gurskøy idrettslag i kjellaren på skuletilbygget.

Sjølve utbygginga er finansiert og gjennomført av Herøy kommune med eit økonomisk bidrag frå Leikanger Grendahus og dei øvrige laga i bygda på 1 000 000 kr. At Leikanger Grendahus kunne stille ein garanti på 1 million kroner til rådvelde for prosjektet var nok det som tippa saka i Leikong sin favør i kommunestyresalen.

Sjølvs om Herøy kommune står for sjølve utbygginga av huset står det framleis at eit betydeleg prosjekt for bygdefolket med tilrettelegging og innreiing av lokala. Sjølve skuletilbygget vil Herøy kommune syte for, men alt det innvendige byggarbeidet i kjellaren på skuletilbygget, samt oppgradering av Grendahuset må bygdefolket ta seg av.

For å best organisere dette er bygda sine oppgåver delt i to delprosjekt:

1. Oppgradering av Grendahuset med nytt storhushaldskjøken og nye bord og stolar vert gjennomført av foreininga Leikanger Grendahus
2. Innvendige byggarbeid og innreiing av kjellaren på skuletilbygget vert gjennomført av Gurskøy idrettslag. Dette omfattar elektrisk anlegg, ventilasjons-, snekkar-, og røyrléggjararbeid, samt maling, møbléring, kjøkken, lager etc.

Den følgjande prosjektskilddringa gjeld delprosjekt 2 – Innreiing av klubblokale for Gurskøy IL.

2 PROSJEKTSKILDRING


2.1 Omfang

Kjellaren i skuletilbygget vil i hovudsak bli nytta av GIL i samband med aktivitetar knytt til Gurskøy stadion, samt øvrig drift av laget og mogleg treningstilbod for bygdefolket. Fasade og plan for lokala er vist i Figur 1 og Figur 2. Vi har i samband med utbygginga hatt fleire møter og god dialog med kommunen for å innarbeide GIL sine behov i planlegginga av bygget. Sjølv om kommunen stiller sjølv bygningskroppen til disposisjon for GIL, vil det framleis vere eit stor prosjekt for GIL å ferdigstille det innvendige arbeidet og innreie lokalet. Lokalet vil bli stilt til disposisjon frå kommunen som eit tomt skal utan innlagt varme, elektrisitet, vatn, ventilasjon eller innvendig snikkararbeid som veggjar, himlingar eller behandling av golv og innvendig isolering av veggjar. Kjellaren vil innehalde følgande rom:

1. Garasje for ATV og utstyr knytt til vedlikehald av kunstgrasbana og stadion, samt gunstig lokale for vedlikehald og reperasjon av dette utstyret (stort lager i Figur 2).
2. Lager til utstyr for fotballtreningar og anna aktivitet på stadion, som ballar, drakter, småmål etc (lite lager i Figur 1).
3. HCWC. Eksisterande HCWC på grendehuset vil bli sanert. Nytt HCWC knytt til skule/grendehus vil bli på øvre plan utan heistilkomst frå stadion. Det er difor ynskjeleg med universelt utforma toalett på nedre plan. Dette vil vere viktig for enkel tilgang til WC for både utøvarar og tilskodarar i det daglege, men særskilt for funksjonshemma.
4. Kiosk m/lagerareal. Frå kiosken vil det bli matsal i samband med miniturneringar, kampar og andre aktivitetar knytt til Gurskøy stadion. I tillegg vil kjøkenlokalet bli nytta til matservering ved ulike arrangement i laget som fotballavslutningar og andre sosiale tilstellingar.
5. Møterom/samlingsrom. Romet vil avlaste lisjesalen på grendehuset som møterom, og auke kapasiteten for aktivitetar i bygda. Her kan idrettslaget og andre lag og foreiningar i bygda ha møter, mindre samlingar, fotballavslutningar etc. Romet kan også nyttast som kafédel i samband med matsal frå kiosken under turneringar og kampar. For eit lite idrettslag der all drift er basert på dugnad vil det å ha eit lokale der ein enkelt kan gjennomføre kurs og opplæring av mellom anna trenarar vere viktig.
6. Trimrom. På sikt håpar vi å få til eit trimrom med nokre trimapparat og styrketreningsutstyr som kan nyttast av bygdefolket. Innreiing av trimromet ligg ikkje inne i budsjettet i denne omgang.



Figur 1 Fasaden av «ny» Leikanger skule frå sør. Lokala som vert disponible for GIL er ringa inn.



Figur 2 Areal som vil bli stilt til disposisjon for Gurskøy idrettslag (frå venstre mot høgre); garasje (lager på teikninga), HCWC, lager, kiosk, garderobe (lager til kiosk), møterom/samlingsrom og disponibelt rom/trimrom.

2.2 Budsjett

Budsjettet for prosjektet er vist i Tabell 1.

Tabell 1 Budsjettoverslag innreiing av GIL-kjellar

Spesifikasjon	Prisoverslag NOK, inkl. mva
Rørleggararbeid	110 000,-
Ventilasjon	135 000,-
Elektroarbeid , inkl. golvvarme i varme delar av bygget	150 000,-
Snikkararbeid, inkl. isolasjon, golv, vegg etc.	295 000,-
Kjøkkeninnreiing inkl. kvitevarer	70 000,-
Øvrig innreiing, lager, garasje etc.	70 000,-
Administrasjon	35 000,-
Uforutsett/kostnadsauke	85 000,-
Totalt	950 000,-

2.3 Finansieringsplan

Finansieringsplan for del prosjektet er vist i Tabell 2.

Tabell 2 Finansieringsplan GIL-kjellar.

Spesifikasjon	NOK
Eigenfinansiering, bokførte midlar	84 000,-
Dugnadsinnsats (400 t á 200,-/t)	80 000,-
Spelemidlar	316 000,-
Momskompensasjon varer og tenester	30 000,-
Kulturmidlar frå Herøy kommune	40 000,-
RDA-midlar	250 000,-
Sponsormidlar etc. *	150 000,-
Totalt	950 000,-

(* Det er tenkt nytta eigenkapital/ lån viss ikkje vi klarer å få inn sponsormidlar).

3 ORGANISERING

Herøy kommune er byggherre for sjølve bygningsmassen og skuledelen av bygget, i samarbeid med ei referansegruppe der bl.a. Gurskøy idrettslag bidreg. Gurskøy IL vert kalla inn til møter etter behov.

Gurskøy idrettslag sitt delprosjekt er organisert som følgande:

Prosjektleder:	Oline Kleppe	Leiar GIL
Elektro og VVS, oppfølging byggearbeid	Kjetil Jøsok	Leiar vedlikehaldsgruppa GIL
Ventilasjon og snikkararbeid	Ingmar Jøsokbakke	Prosjektgruppa, snikkar
Planløysingar, innkjøp	Gunn-Cisilie Jøsokbakke	Nestleiar og kasserar GIL
Finansiering	Bjørn Inge Taklo	Sekretær GIL

4 FRAMDRIFTSPLAN

Kommunen er i gang med sin del av prosjektet som etter planen skal ferdigstillast midt i oktober 2016. (No midt i november). Etter at kommunen/Gurskøy IL har overteke bygget vil Gurskøy IL setje i gong sin del av prosjektet.

5 RESULTAT OG EFFEK TAR

Ferdigstillinga av GIL-kjellaren vil gi idrettslaget eit stort løft med omsyn til tilgjengelege lokale og tilrettelegging for den daglege drifta. Den planlagde bygningsmassen vil kunne gje følgande positive effektar for idrettslaget og bygda elles:

- Forenkle vedlikehald og drift av kunstgrasbana og Gurskøy stadion, samt forlenging av levetid for driftsutstyr som no kan lagrast på ein forsvarleg måte.
- Auka kapasitet til kurs/ opplæring, møter og mindre samlingar, både for idrettslaget og andre lag som kan nytte samlingsromet.
- Ny kjøken/kioskfunksjon for kiosksal og ved mindre samlingar med matservering.
- Auka lagerkapasitet for fotballutstyr, drakter etc.
- Tilgang til handikaptalett frå baneanlegget.

6 GURSKØY IL

Gurskøy Idrettslag, stifta i 1920, er eit fleiridrettslag som tilbyr organiserte aktivitetar innan m.a. fotball, fjelltrim og barnegym. I tillegg driftar Gurskøy Idrettslag to anlegg som er opne for både organiserte og uorganiserte aktivitetar; lysløypa på Leikongsetra/Kleppefurene og kunstgrasbane og ballbinge ved skule/grendehus. Idrettslaget er også medarrangør for det årlege sykkelrittet Gurskøya Rundt og Grendahelga, der vi for tredje året på rad arrangerte familieaktivitetar i lysløypa og motbakkeløpet Røddalshornet opp. Gurskøy Idrettslag hadde 239 medlemar i 2015.

- I 2016 har fotballgruppa 6 fotball-lag i aldersbestemte klasser, fordelt frå 6-16 år. Inkludert eit felles lag med Tjørvåg IL for jenter 16 år. I tillegg treningar både for dei som er fødde i 2010 og 2011, inkludert også nokre born frå Myrvåg. Til saman over 80 spelarar, jamt fordelt mellom jenter og gutar.
- Trimgruppa driv opne tilbod i form av fjelltrim, dametrim, barnegym, sykkelløp og aktivitetar i lysløypa. Barnegym er tilbod til dei borna som er 4 og 5 år, der born også frå Myrvåg tek del.
- Lysløypa på Leikongsætra har plassert Gurskøy IL på kartet i heile regionen, og GIL har i dag ansvaret for drift av heile løypa.

GIL meiner at idrett og trim skal handle om samhald, nærleik og høyre til i ei bygd der det er rom for alle. Vi har ein god praksis med drift basert på dugnadsarbeid. Vi meiner GIL er viktig for lokalkultur og for å halde oppe og utvikle lokalsamfunnet.

Gurskøy idrettslag og Leikongbygda håper dette prosjektet vil bidra til at Leikong vert ein endå betre stad å bu, slik at vi kan skape eit godt oppvekstmiljø for barn og unge, halde fram med å vekse, og vere ein stad å trivast for alle i området. I fellesskap vil vi utvikle ein varig verdi for samfunnslivet i området.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2012/1568
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
78/16	Komite for næring, kultur og idrett	12.12.2016

SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, TOFTETUNET- MYKLEBUSTTUNET

Tilråding:

1. Toftetunet – Myklebusttunet får tilskot til dekning av 40 t. støttekontakt, samt til køyreutgifter for bebuarar på tunet i høve deltaking dei aktuelle dagane av Herøyspelet 2016.
2. Tilskotet vert utbetalt når timelister og reiserekningar ligg føre.
3. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost

Særutskrift:
Toftetunet – Myklebusttunet v/ Gerd Kopperstad
Økonomileiar
Kulturleiar

Vedlegg:**Timeliste og køyreliste (uprenta)****Saksopplysningar:**

To bebuarar ved Toftetunet - Myklebusttunet har gjennom mange år vore deltakrar i framsyninga av Herøyspelet Kongens Ring.

Støttekontakt(er) ser til bebuarane og fraktar dei til og frå øving og framføring.

Opplegget har fått tilskot frå kulturmidlane gjennom alle år.

Bebuarane har gjennom alle år uttrykt stor glede av å få vere med og å vere ein del av den flotte framsyninga "Kongens Ring".

Vurdering og konklusjon:

Deltaking i Herøyspelet er ein god måte å integrere personar med særskilte behov inn i eit aktivt og flott miljø.

Rådmannen rår til at Toftetunet – Myklebusttunet får dekt kostnader til støttekontakt(er) iht. tilviste time- og køyrelister.

Konsekvensar for folkehelse:

Toftetunet – Myklebusttunet og støttekontakt(er) legg til rette for at personar med særskilte behov blir inkludert, og kan delta på ein viktig møteplass og i ein utviklande og sunn aktivitet. Dette er forventa å vere eit viktig bidrag til folkehelsa både for bebuarane og støttekontakta, og ikkje minst for resten av aktørane i Herøyspelet.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Ingen ut over allereie vedteke budsjett for 2016.

Fosnavåg, 04.12.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Møtebehandling:

Saka vert utsett til møte i desember.

Møtebehandling:

Saka vert usett.

Den skal til handsaming i komite for næring, kultur og idrett før den kjem til kommunestyret.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2016/923
		Arkiv:	004

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
175/16	Kommunestyret	27.10.2016
67/16	Komite for næring, kultur og idrett	21.11.2016
80/16	Komite for næring, kultur og idrett	12.12.2016
	Kommunestyret	15.12.2016

ÅRSMELDING OG REKNESKAP HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2015

Tilråding:

Årsmelding og rekneskap for Herøy Frivilligsentral 2015 vert godkjend.

Særutskrift:
Herøy frivilligsentral
Økonomileiar
Kulturleiar

Vedlegg:

- 1 Årsrekneskap 2015
- 2 Årsmelding 2015 revidert 28.11.16

Saksopplysningar:

Herøy kommune eig Herøy frivilligsentral.

Formål:

«Frivilligsentralen (FS) i Herøy skal bidra til å gjere Herøy kommune (HK) til ei enno betre kommune å bu i ved å kartleggje, synleggjere og ta i bruk dei frivillige ressursane i kommunen. FS skal vere eit knutepunkt og bindeledd mellom dei som vil yte ein ubetalt innsats i nærmiljøet/ lokalsamfunnet og dei som ynskjer å motta slik innsats. FS skal fungere som møteplass og brubbyggjar mellom menneske, frivillige lag og organisasjonar/ samanslutningar og det offentlege.»

I § 4 H i vedtektene for Frivilligsentralen i Herøy vedtekne i kommunestyret 25.10.2012 heiter det:

«Årsmøtet for frivilligsentralen er Herøy kommunestyre. Styret i FS behandlar årsmelding og rekneskap, samt framlegg til val av styre for FS innan 1. april.»

Vurdering og konklusjon: (skal slettast om saka ikkje har konsekvensar for....)

Rådmann rår til at årsmelding og rekneskap vert godkjend.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen kjende.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Ingen kjende.

Fosnavåg, 14.10.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Konto	Konto (T)	Spesifik	Spesifik (T)	Rekneskap (1)	Rev.bud (1)	Avvik (1)
11208	Diverse utgifter			0	15 000	15 000
11400	Annonser og reklame			0	10 000	10 000
14290	Moms generell kompensasjonsordning			0	6 250	6 250
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen			0	-6 250	-6 250
231	Aktivitetsstilbud barn og unge			0	25 000	25 000
10100	Fast lønn			416 684	400 834	-15 850
10200	Vikarar			7 743	0	-7 743
10209	Variable tillegg vikarar			1 081	0	-1 081
10500	Løn- og trekkpliktig godtgjersle			6 000	0	-6 000
10900	Pensjon			77 350	80 776	3 426
10902	Kollektiv ulykkes- og gruppelevfors...			900	820	-80
10990	Arbeidsgiveravgift			70 410	67 908	-2 502
11000	Kontormateriell			1 412	4 080	2 668
11002	Abonnement aviser og fagtidsskrifte...			0	1 326	1 326
11051	Anna undervisningsmateriell			0	1 020	1 020
11150	Matvarer			9 800	16 193	6 393
11150	Matvarer	40210	DANSEGALLA - FF	30 715	0	-30 715
11151	Servering møter, kurs, representasj...			9 558	4 080	-5 478
11151	Servering møter, kurs, representasj...	40020	MAT OG PRAT	3 864	0	-3 864
11200	Reinholdsmateriell			1 689	2 040	351
11202	Velferdstiltak			8 059	4 080	-3 979
11203	Anna forbruksmateriell			1 827	2 040	213
11208	Diverse utgifter			3 316	0	-3 316
11208	Diverse utgifter	40210	DANSEGALLA - FF	196	0	-196
11300	Porto			1 840	3 060	1 220
11301	Telefoni			2 992	5 100	2 108
11302	Banktenester og gebyr			140	0	-140
11302	Banktenester og gebyr	40210	DANSEGALLA - FF	100	0	-100
11400	Annonser og reklame			12 182	10 200	-1 982
11500	Kursutgifter			1 250	3 060	1 810
11501	Opphaldsutgifter kurs			2 896	2 040	-856
11600	Reiseutgifter, oppgåvepliktige			31 491	51 000	19 509

11601	Diettgodtgjersle, oppgåvepliktige			795	3 060	2 265
11703	Reiseutgifter, ikke oppgavepliktig...			4 219	5 100	881
11800	Stram			11 059	26 520	15 461
11900	Husleige			156 000	159 120	3 120
11951	Lisenser			17 254	8 160	-9 094
11951	Lisenser	40210	DANSEGALLA - FF	840	0	-840
12000	Kjøp og finansiell leasing av drift...			10 482	10 200	-282
12003	Kjøp av kontormaskiner			0	7 140	7 140
12300	"Vedlikehold og byggetjenester			987	8 160	7 173
12400	Serviceavtaler og reparasjoner			0	4 080	4 080
12600	Renhold, vaskeri- og vaktmestertjen...			11 084	20 400	9 316
13700	Kjøp fra andre (private)	40210	DANSEGALLA - FF	25 000	0	-25 000
14290	Moms generell kompensasjonsordning			17 761	31 815	14 054
14290	Moms generell kompensasjonsordning	40210	DANSEGALLA - FF	49	0	-49
14700	Overføringer til andre			5 000	0	-5 000
16200	Avgiftsfrie salsinntekter			-8 111	-20 000	-11 889
16290	Billettinntekter	40210	DANSEGALLA - FF	-35 280	0	35 280
16500	Avgiftspliktig sal av varer og tene...			0	-10 000	-10 000
16900	Fordeelte utgifter			-55 000	0	55 000
17100	Refusjon sjukeløn			-2 853	0	2 853
17102	Refusjon feriepenger			-291	0	291
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen			-17 761	-31 815	-14 054
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	40210	DANSEGALLA - FF	-49	0	49
17500	Refusjon frå andre kommuner			-2 227	0	2 227
17900	Interne Overføringer			0	-55 000	-55 000
18100	Stattilskot			0	-310 000	-310 000
18101	Stattilskot - øymerka			-310 000	0	310 000
18901	Gåver			-12 117	0	12 117
18901	Gåver	40210	DANSEGALLA - FF	-11 000	0	11 000
234	Aktivisering og servicetjenester ov...			509 335	516 597	7 262
4021	Frivillighetssentralen			509 335	541 597	32 262

Årsmelding Herøy Frivilligsentral 2015. (revidert pr. 28.11.2016)

Tenester og oppgaver i avdelinga

Frivilligsentralen i Herøy skal bidra til å gjere Herøy kommune til ei enno betre kommune å bu i ved å kartlegge, synleggjere og ta i bruk dei frivillige ressursane i kommuna.

Frivilligsentralen skal vere eit knutepunkt og bindeledd mellom dei som vil yte ein ubetalt innsats i nærmiløet/lokalsamfunnet og dei som ynskjer å motta slik innsats. Fs skal fungere som møteplass og brubbyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar/samanslutningar og det offentlege.

Økonomi:

Tilskot KKD 315 000,-

Tilskot eigar 509 335,-

Intern overføring frå Pleie og omsorg til middagsombringning 55 000,-.

Tilskot frå Tryg til drift av Natteravntenesta 5000,-

Gåver Marine Harvest 7117,-

Rekneskapen syner eit overskot på kr. 32 262,-.

Organisasjon:


Eigar:	Herøy kommune Kulturavdelinga, Eileen Gjerde.
Styret:	Styreleiar: Sigurd V. Nygard, vara Kurt Dalhstrøm (Politisk valt) Nestleiar: Karl Anders Brendmo, vara Karine Sæter (Kyrkja) Styremedlem: Elsi Hagen, vara Terje Krogset (Pensjonistforeninga) Styremedlem: Gudbjørg Nørvåg Dale, vara Åshild Ørnhaug. (Sanitetsforeninga) Styremedlem: Kurt Are Skarbø, vara Remi Vattøy. (Frivillige)
Dagleg leiar:	100 % Britt Paulsen.
Møter/kurs/konferansar:	Styremøter: 4 møter der det er handsama 18 saker. Arbeidsgruppe julefest/gudsteneste: 7, natteravn: 1, kulturgruppe: 4, statusmøter: 16, NAV: 1, arbeidsgruppe tjukkasgjengen: 1, nettverksamling og samarbeidsprosjekt: 5, Juleball for psykisk utviklingshemma: 3, TV aksjon: 2, Fosnavågrevyen: 7, temadag kulturgruppe: 1, regionskonferanse, bulystprosjektet: 4, arbeidsgruppe den kulturelle spaserstokk: 2, stiftingsmøte Landsorganisasjonen frivilligsentralar.
Tenester:	
Frivillige lag og organisasjonar	• Utlån av lokalet: LEVE, Barnas turlag, personskadeforeninga, Herøy kameraklubb, Herøy videoklubb, Herøy senioruniversitet, NFU, Herøy idrettsråd, Fosnavåg Rock og Herøy videoklubb, Fosnavågrevyen. Sunnmørsbadet lånte lokalet til førstehjelpskurs tilsette. • Liste over lag og organisasjonar: vert oppdatert


	fortløpande. Påminning sendast ut nokre gongar pr. år. Lista ligg tilgjengeleg på heimesidene til kommunen og Frivilligsentralen. • Hjelper til med rekruttering av medlemmar. • Påminning og tips via epost, nettside og facebook om kvar, korleis og frist for å søkje tilskot eller prosjektmidler. • Frivilligprisen, vi fekk inn 10 forslag, juryen beslutta dette året å la publikum avgjere kven som skulle få prisen gjennom avstemming. Dette for å skape endå meir engasjement og blest om alle dei nominerte. Heida Vel gjekk av med sigeren og prisen vart utdelt i starten av januar 2016.
Møteplassar, integreringstiltak, bulyst og førebyggjande folkehelse.	• Tjukkasgjengen har tur 2 dagar pr veke. • Internasjonal julefest i Herøy kyrkje. Vart dette året avlyst på grunn av orkanvarsel. Det vart i staden arrangert internasjonal gudsteneste i parken i forbindelse med Fosnavåg Rock. • Strikkekafe kvar torsdag på dagtid. På kveldstid to gongar. • Babytreff, ein gong pr veke. To småbarnsmødre har hatt ansvar for desse treffa. Dette tilbodet vart sett på pause etter påske pga dårlig oppmøte. • Eldrebolgen, Dette er eit trivselstiltak for eldre både på institusjonane og heimebuande. Pensjonistlaga og Frivilligsentralen samarbeider om dette. Vi går tur i nabolaget når det er ver til å vere ute elles enkel trim innandørs. LHL Søre Sunnmøre har siste månadane hatt ansvar for trimmen innendørs på begge omsorgssentera. • Revygruppe, hadde første møtet i mars, det vart seinare på hausten danna eigen organisasjon og styre, dagleg leiar er sekretær for styret i Fosnavågreven. • TV Aksjon, gjekk i år til Regnskogfondet, det vart i tillegg til sjølve aksjonsdagen arrangert «regnskog i sentrum» dagen før der elevar frå Herøy vidaregåande skule var med på å lage til aktivitetar. • Juleball for utviklingshemma, vart arrangert på Herøy kulturhus i oktober, samarbeidsprosjekt mellom tysdagsklubben, NFU og Frivilligsentralen. Deltakarar frå mange ulike kommunar på Sunnmøre og Nordfjord. • Den kulturelle spaserstokken, dagleg leiar er kontaktperson i kommunen. • Barnas turlag Herøy, vart i samarbeid med Ålesund- Sunnmøre turistforeining starta i februar. Dei har etter oppstartinga arrangert 9 turar med god oppslutting. Turistforeininga har bidrege med økonomisk støtte til utstyr og utgifter i forbindelse med arrangement, dei har også arrangert aktivitetsleiarkurs her i Herøy. Det er no danna ei arbeidsgruppe på 6 personar som driv denne


	gruppa, Frivilligsentralen bidreg med markedsføringsmateriell, markedsføring, møtelokaler og lagerplass.
Hjelpetenester	• Middagsombringning har vi to dagar pr veke. Vi køyrer 2 ulike ruter kvar gong. Det har vorte levert ut ca 2000 middagar, og det frivillige arbeidet utgjer ca 20% stilling. Det er ei fast kjerne på 9 personar som køyrer etter oppsett turnus. Dei som køyrer får køyregodtgjering og vi arrangerer «sjåførkaffi» ein gong pr månad. Brukarar må ha vedtak frå pleie og omsorgsavdelinga for å få bringa mat heim til seg. Det har siste åra vorte vanskelegare å rekruttere nye sjåførar, noko som gjer at vi må sjå an månad for månad om vi har ressursar til å utføre denne tenesta. • Hørselhjelp, personar frå hørselsforbundet kjem to gongar pr månad og hjelper dei som treng det med høyreapparat og rådgjeving. Dei har også arrangert hørselstest i år. • Sjukehusfølge, det har vore nokre følger i år, men det er vanskar med rekrutteringa og dei som har teke følger i mange år treng no sjølve følge. Vi har utfordra Røde kors i Ålesund og Volda på denne oppgåva og håper på at det skal løyse seg gjennom dei. • Seniorsurfdagen, vart gjennomført 23.9, Herøy LAN stilte med frivillige men diverre var her kun 2 deltakarar. • Natteravnar, har eige styre på 6 personar, desse byter på å orientere foreldre som skal vere natteravn, fortrinnsvis fredagar i forbindelse med ungdomsklubbane. Dei har også ravna på festivalar og i russetida både i Herøy og nabokommunene. Vi hadde stand i sentrum på natteramnanes dag.
Samarbeidspartar	• Frivillige lag og organisasjonar. • Kulturavdelinga. • Herøy kyrkje • Herøy frikyrkje • NAV flyktningssteneste • Internasjonal skule • Natteravnar: ungdomsarbeidar, MOT, Ytre Herøy ungdomskule, Stokksund skule, Møre skule, Politiet. • TV aksjonen: Herøy vidaregåande skule. • Pleie -og omsorgsavdelinga. • Bu -og habiliteringsavdelinga. • NAV flyktning og Internasjonal skule. • Ytre Herøy ungdomskule. • Bulystprosjektet. • Herøy kystmuseum.


Marknadsføring	Vestlandsnytt med annonser, artiklar og omtaler, Herøynytt, Servicekontoret, facebook, heimesider: frivilligheroy.no og heroy.kommune.no, plakatar og oppslag, flyers, rulopp, stand, epost, sms, «jungeltelegraf» og fornøgde brukarar. Vi har i tillegg kjøpt inn ein infoskjerm som er montert på Internasjonal skule, der høvelege aktiviteter og tilbod frå heile kommunen vert markedsført.
Hovedutfordringar/prioritering 2015. • Arbeide for å få eit betre samarbeid med andre avdelingar i kommunen. • Flytte i nye lokalet på Herøy kulturhus og finne oss til rette der. • Skape nye og oppretthalde aktivitetar med fokus på bulyst, inkludering og førebyggjande folkehelse. • Bli endå betre på godt samarbeid med lag og organisasjonar.	


Fosnavåg 28.11.2016



-Sigurd Nygard, styreleiar-


-Britt Paulsen, dagleg leiar-


-Karl Anders Brendmo-


-Gudbjørg Nørvåg Dale-


-Magne Nærø-


-Terje Krogset-



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/685
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
81/16	Komite for næring, kultur og idrett	12.12.2016

JENSHOLMEN NORD - SØKNAD OM RDA-MIDLAR

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett kan ikkje imøtekomme søknaden. Komiteen oppfordrar Jensholmen Nord til å arbeide med alternativ finansiering for å slutføre denne båthamna. Det vert ikkje sett av midlar til dette prosjektet. Komiteen ser ikkje at dette er eit breitt nok/allmennnyttig nok prosjekt å innstille RDA- midlar til.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

Jensholmen Nord
Herøy Næringsforum
Økonomiavdelinga

v/Kåre Jensholm,
v/Geir Idar Kvalsvik

6070 Tjørvåg

Vedlegg

- 1 Søknad datert 24.09.2016
- 2 KN-sak 70/16, 21.11.2016
- 3 Vedk. søknad om RDA-midler Jensholmen Nord
- 4 Søknad datert 20.01.2015

Saksopplysninger:

Jensholmen Nord søkte om støtte til etablering av molo tilbake i 2012. Søknaden gjaldt på det tidspunktet både ein flytande molo og ein steinmolo utan at det har blitt gjort vedtak om støtte. I vedtaket som vart gjort i komite for næring kultur og idrett 21.11.2016 KN-sak 70/16 vart det gjeve støtte med 2 mill i 2017 og 2mill i 2018. Søknaden som låg til grunn til komiteen er datert 10.10.2012. Den same søknaden låg til grunn ved handsaminga 23.05.2016 KN-sak 42/16.

I ettertid viser det seg at søknaden som har blitt handsama i Herøy næringsforum og innstilt negativt er basert på ei rekke brev og e-postar mellom søkar og dagleg leiar i Herøy næringsforum. Søknaden som låg til grunn ved handsaming i Herøy næringsforum går det klart fram at det er søkt om 4,1mill der 3,6mill går til flytande molo. 500.000,- til dykkerfirma for arbeid med fortøyning.

Med bakgrunn i dette har Herøy næringsforum og Komite for næring, kultur og idrett basert sine vedtak på ulikt søknadsgrunnlag.

Vurdering og konklusjon:

Med bakgrunn i at Komite for næring, kultur og idrett 21.11.2016 gjorde vedtak på feil søknadsgrunnlag vert saka meldt opp til ny handsaming.

Rådmannen kjem med tilråding i samsvar med opphavleg innstilling frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 05.12.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

JENSHOLMEN NORD

6070 TJØRVÅG

HERØY NÆRINGSFORUM

6090 FOSNAVÅG

Henviser til tidligere søknad/avslag Jensholmen Nord.

Søknaden er frå 2012, kostnadsoverslaget den gang var på 5 mill. kr. for steinmoloen. Den er no på det næraste ferdig, berre asfalt og brystvern mangler. Moloen er finansiert av fam. Jensholm og Jensholmen Nord. Prosjektet er ett av dei få der kostnadsoverslaget holdt sjølv etter 4 års byggetid.

Vi korrigerer søknadssummen til Herøy Næringsforum til 4,1 mill.kr. Tidligere søknad er på 5 mill. kr. Kr 900000 skal brukast til asfalt og brystvern på steinmoloen , dette blir satt på vent og vil eventuelt bli finansiert av framtidig salg av båtplasser. Desse 4,1 mill. kr til flytande molo går 3,6 mill.kr. til Astorplast og 500000 kr. til dykkerfirma for fortøyninger.

Så til avslaget , der det seiast at det ikkje er almennyttig nok. Hamna vil fullt utbygt ha 550 båtplassar. Dykkerklubben og kajakklubben har base her og har om lag 300 medlemar. I tillegg er her 50 nausteigarar som ikkje har båtplass. Altså er her 900 familier som har nytte av dette. Hvis vi rekner 3,5 personer pr. familie, så blir det 3150 personer. I tillegg kjem alle dei som vil benytte seg av gjestebrygga – den 200 meter lange flytande moloen – og dei som vil bunkre båtane sine. Og ikkje minst, alle som kan nytte den 450 meter lange moloen til fiske og rekreasjon, og det er ikkje få. Moloen blir også tilrettelagt for bevegelsehemma. Kan også nemne at Lanternen AS har om lag 100000 gjester i året, mange av desse tek seg ein spasertur for å sjå på båtane.

Den flytande moloen er eit lokalt produkt utvikla av Astorplast på Mjølstadneset og levering av denne har stor verdi for dei.

Den flytande moloen lar seg ikkje finansiere på nokon annan måte så eit eventuelt endelig avslag vil medføre at båthamna blir avslutta slik ho ligg no med ca. 60 plasser og området blir avsperra for alle unntatt naust- og båteigarar. Det blir heller ikkje tankanlegg her i framtida. Herøy kommune mister mulighetene for å få den største og kanskje finaste båthamna på Sunnmøre. Vi trur at å ha tilgang til båtplass i framtida har mykje å bety for folk som vil flytte hit. Og ikkje minst beliggenheita, innanfor ei køyretid på 30 min så bur her 40000 mennesker.

Tjørvgå den 24/9-16

Sindre Reite, formann

Kåre Jensholm, styremedlem



JENSHOLMEN NORD

Jensholmen
6070 TJØRVÅG

Saksnr
2016/685

Arkiv
243

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
DOK / BRB

Dato
25.11.2016

KN-SAK 70/16. SØKNAD OM RDA-MIDLAR - JENSHOLMEN NORD

Vedlagt følger KN-sak 70/16.

Komite for næring, kultur og idrett gjorde i møte 21.11.2016 slikt vedtak i saka:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 2.000.000,- i 2017 og kr. 2.000.000,- i 2018 til molo på Jensholmen. Nord. Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 2.a.. Løyvinga for 2018 vert gitt med forbehold om at RDA-ordninga vert vidareført. Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2018. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane


Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/685
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
70/16	Komite for næring, kultur og idrett	21.11.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR - JENSHOLMEN NORD

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett kan ikkje imøtekomme søknaden. Komiteen oppfordrar Jensholmen Nord til å arbeide med alternativ finansiering for å slutføre denne båthamna. Det vert ikkje sett av midlar til dette prosjektet. Komiteen ser heller ikkje at dette er eit breitt nok/allmennyttig nok prosjekt å innstille RDA-midlar til.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Møtebehandling:

Brev frå Jensholmen Nord vart lagt fram i møte.

Komite for næring, kultur og idrett kom med framlegg om slik ny tilråding:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 2.000.000,- i 2017 og kr. 2.000.000,- i 2018 til molo på Jensholmen. Nord. Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 2.a.. Løyvinga for 2018 vert gitt med forbehold om at RDA-ordninga vert vidareført.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 21.11.2016

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 2.000.000,- i 2017 og kr. 2.000.000,- i 2018 til molo på Jensholmen. Nord. Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 2.a.. Løyvinga for 2018 vert gitt med forbehold om at RDA-ordninga vert vidareført. Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2018. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar. Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

Jensholmen Nord
Herøy Næringsforum
Økonomiavdelinga

v/Kåre Jensholm,
v/Geir Idar Kvalsvik

6070 Tjørnvåg

Vedlegg

- 1 SV: Spørsmål om søknad om RDA-midler
- 2 KN-sak 42/16. Søknad om RDA- midlar. Jensholmen Nord.
- 3 Søknad

Saksopplysninger:

Viser til innstilling i Herøy næringsforum 18.03.2016:

«Styret oppfordrer Jensholmen Nord til å arbeide med alternativ finansiering til å slutføre denne flotte båthavna. Det vert ikkje sett av midlar til dette prosjektet. Styret ser heller ikkje at dette er eit breidt nok /allmenyttig nok prosjekt å innstille RDA midlar til.»

Komite for næring, kultur og idrett gjorde fylgjande vedtak 23.05.2016, sak 42/16:

«Komite for næring, kultur og idrett ber om at styret i Herøy Næringsforum ser på søknaden på nytt særleg i forhold til at moloane skal vere opne for publikum og at det vert lagt til rette for funksjonshemma, for gjestebrygge, servicebygg og tanking.»

Herøy næringsforum gjorde slik vurdering 30.09.2016:

Jensholmen Nord – klage på søknad og tilbakemelding frå komite for Næring, kultur og idrett.

«Styret i Herøy Næringsforum opprettheld tidlegare innstilling på søknaden frå Jensholmen Nord.»

Administrasjonen har undersøkt saken med Møre og Romsdal fylkeskommune og fått fylgjande svar frå dei:

Det er ikkje forbudt å bruke RDA-midler til allmenyttige formål som ei småbåthamn, men: De må vurdere om det er rett bruk av statlege midlar, der målet er nærings- og samfunnsutvikling. Vil småbåthamna gje arbeidsplassar eller gjere Herøy til ein meir attraktiv stad?

Eit anna spørsmål er om tilskot er nødvendig. Det er planlagt 350 plassar til 75 000 kr per stk. Det vil gje brutto inntekter på 26,5 millionar. Moloane som det blir søkt støtte til skal koste 9 millionar. Trengs det støtte for å realisere tiltaket?

Ingen har rett på å motta RDA-midler, men det er heller ingen paragraf som forbyr Herøy å bruke pengar på eit slikt tiltak. De må gjere ei vurdering, og mitt råd er å høyre på næringslivet (Herøy næringsforum) i denne saka.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 11.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

NÆRINGSKOMITEEN I HERØY KOMMUNE.

Henviser til søknad om RDA-midler til Jensholmen Nord

Vi er gjort kjent med at det foreligger ei negativ tilråding fra Herøy Næringsforum. Steinmoloen og den flytande moloen ville gi Herøy kommune Sunnmøres største båthamn. Steinmoloen til 5 millioner kroner er på det næraste ferdig og er finansiert av familien Jensholm og Jensholmen Nord. Den flytande moloen er vanskelig å finansiere utan desse RDA-midlane. Det har vore prøvt sidan 2012, men det viser seg vanskelig. Der er 60 båtplassar i dag, hamna er godkjent for 350 plassar. Dei minste båtplassane har blitt solgt for 75000, rekker til en 18-fots båt. Ein båtplass til ein 25-foting har kosta 125000. Hvis desse 60 plassane skal finansiere den flytande moloen, så må kvar plass betale inn 70000 kr. Då blir båtplassane så dyre at ingen har råd. Det hadde vore enkelt å finansiere denne moloen hvis alle 350 plassane hadde blitt solgt no, men det kan ta både 10 og 20 år.

Vi håper at komiteen ser nytten av dette, det må være både samfunns- og almenntilleg. Herøy kommune har båtplasser å tilby i mange år framover. Hamna ligg sentralt til for heile Søre Sunnmøre med 40000 menneske innan ein halvtimes kjøretur. Søknaden til dette er frå 2012, næringskomiteen behandla den då og var positiv til planen og sa at båtplassar trengs, men der var ikkje midlar til disposisjon då. Søknaden blei liggande vidare og blei på nytt behandla i mai 2016, då med midlar til disposisjon, men med avslag frå HNF pga ikkje almenntilleg nok. Samtidig sa HNF at det var ett ypperlig prosjekt. Næringskomiteen sendte saka til bake til HNF til ny behandling, men samme avslag på nytt.

Næringskomiteen har tidlegare gitt rda-midler til mange liknande saker. Kan nemne gjestebrygge på Runde, hotellbrygge (kystlaget) som i dag er blokkert av turistbåter som samarbeider med hotellet, bryggene i sentrum (ved restaurant Bryggen) – kystlaget, Kvalsvika har fått tilskot til brygge. Ei anna liknande sak det er gitt midler til er kjøp og bevaring av Erkna til Kystlaget, den blei seinare gitt vekk gratis til Bergen. Kva er meir almenntilleg i desse sakene framfor saka til Jensholmen Nord ? Forskjellsbehandling ?


For Lanternen AS, som holder til her, så vil dette styrke besøket her.

 HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2016/685	Saksbeh.
24 NOV. 2016	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
Inn. kode	
Kassasjon	

Utan tilskot så blir hamna avslutta slik den ligg i dag og her kjem ikkje ein einaste båtplass meir. All anna finansiering har vore nyttelaus.

Ber om at dette brev blir kopiert opp og delt ut til møtet i Næringskomiteen i mandag 21.11.16 kl 1600.

Jensholmen 18.11.16

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Kåre Jensholm'. The signature is fluid and cursive, with a small circle above the 'K'.

Kåre Jensholm, grunneigar, initiativtaker og styremedlem
Jensholmen Nord

JENSHOLMEN NORD

6070 TJØRVÅG

HERØY NÆRINGSFORUM

6090 FOSNAVÅG

Ang. søknad om rda-midler til molo.

Prosjektet blir delt i to, ein rausa steinmolo og ein flytande molo.

Det er til no utført på steinmoloen : Kr 2 341 150,-

Anbud på restfylling : Kr 1 632 500,-

Grusing, brystvern molo : Kr 1 026 350,-

Tilsaman : Kr 5 000 000,-

Søknadssum : Kr 2 500 000,-

Flytande molo 220 meter :

Arbeid på land, tilrettelegging, asfalt etc. Kr 1 200 000,-


Flytande molo, inkl. utlegging : Kr 3 800 000,-

Tilsaman : Kr 5 000 000,-

Søknadssum : Kr 2 500 000,-

Tjørvåg 20. Jan. 2015

Kåre Jensholm, kasserer





HERØY KOMMUNE

Assisterande rådmann

SAKSPROTOKOLL

Unnateke offentlegheit-Offl. § 13 j fvl § 13

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2012/1776
		Arkiv:	230

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
72/13	Komite for næring, kultur og idrett	07.10.2013

SØKNAD OM RDA- MIDLAR. JENSHOLMEN NORD - MOLO.

Tilråding frå rådmannen:

Komite for næring, kultur og idrett tek vedtaket i styret i Herøy Næringsforum til vitande. Leiaren i komiteen koordinerer eit møte mellom Herøy kommune og søker om prosjektet.

Vedlegg:

- Søknad frå Jensholmen Nord.

Saksopplysningar:

Styret i Herøy Næringsforum har i møtet 21. juni 2013 kome med slik innstilling i saka:

«Søknaden frå Jensholmen Nord vart ikkje behandla. Det er ikkje disponible midlar på 2013 Handlingsplanen til å behandle denne søknaden. Stig Remøy, Kåre Jensholm, Roar Aasen og Svein-Rune Gjerde kjende seg inhabile i saka.

Det vart fremma eit forslag frå styret om å arrangere eit møte mellom søkjar og Herøy kommune om prosjektet, da småbåthavn/plassar er eit stort behov i Herøy.»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 25.09.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2016/1680
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
82/16	Komite for næring, kultur og idrett Formannskapet Kommunestyret	12.12.2016

IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING AV BALLBINGE PÅ FRØYSTAD SAMT STØTTE TIL TILTAKET

Tilråding:

1. Herøy kommune godkjenner søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan for ballbinge på Frøystad, med vilkår nemnt i saksutgreiinga.
2. Herøy kommune kan forskottere spelemidlar og mva-kompensasjon til ballbingen med inntil kr. 410 000 i 2017 og til spelemidlar og mva-kompensasjon vert utbetalt, og under føresetnad av at søknad om spelemidlar vert godkjend.

Særutskrift:

Frøystad Grendelag v/ leiar
Utviklingsleiar
Økonomileiar
Kulturleiar

Vedlegg:

Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning

Saksopplysningar:

Saka gjeld førespurnad frå Frøystad Grendelag om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av ballbinge som er planlagt bygd på tomte etter gamle Frøystad skule.

Ballbingen er 12 x 21,5 m. og er tenkt etablert på den delen av tomte som ligg nærast hovudvegen. Bygginga er tenkt gjennomført i veke 35-42 2017, med ein kombinasjon av profesjonelle leverandørar og dugnadsarbeid.

Frøystad Grendelag er eit lag med beskjeden eigenkapital, og har i forbindelse med godkjenninga stilt spørsmål til kommunen om denne kan bidra med forskotering av spelemlidar og mva-kompensasjon.

Vurdering og konklusjon:

Det er lagt til rette for vekst på Frøystad, og ei vidareutvikling av området med m.a. planfri kryssing av skuleveg og sikring av den gamle skuletomte til grøntareal som møteplass og stad for bl.a. isbane og ballbinge bidreg til å gjere bygda enno meir attraktiv.

1. Anlegget sin plass i kommunal plan: Vedl. 1 A-B

Anlegget er plassert som pkt. 4 «Aktivitetsplass Frøystad» i handlingsprogram for nærmiljøanlegg.

2. Universell utforming: Vedl. 2 A-B

Det er gitt orientering om tilkomst til ballbingen, samt parkering og tilkomst til arealet der anlegget skal byggjast.

3. Teikningsgrunnlag: Vedl. 3 A-E

Situasjonsplan: Det er lagt ved kart med situasjonsplan over området, men ballbingen er ikkje gjengitt i rett størrelse i forhold til omgjevnadane.

Vilkår for godkjenning:

Situasjonsplan: Det må utarbeidast situasjonsplan der anlegget er plassert på eigedom og i forhold til andre bygg eller anlegg. Parkeringsplassar og tilkomstvegar skal vere teikna inn. Målestokk på kartet må gis opp.

4. Behovsoppgåve: Vedl. 4

Oppgåva til den idrettsfunksjonelle førehandsgodkjenninga er å beskrive om anlegget er funksjonelt. Vurderinga er at behovsoppgåva skildrar behovet for anlegget og mogleighetene for bruk på ein god måte.

5. Kostnadsoverslag: Vedl. 5 A-F

Kostnadsoverslaget skildrar dei ulike postane godt og er detaljert nok til at fakturaer kan vise attende til overslaget.

6. Finansiering og drift: Vedl. 6 A-D

Finansiering: Vedlagte oversikt skildrar planlagd finansiering godt.
Drift: Det er gitt ei kort orientering om drift av anlegget.

Utgreiing vedr. arkitektur og miljø

Vedlagte dokumentasjon, og etterspurt tilleggskompensasjon i vilkåra over, skildrar arkitektur og miljø for den idrettsfunksjonelle førehandsgodkjenninga.

Eigedomsrett eller feste-/leigerett til grunn

Grunneigar er Herøy kommune og tomta er regulert til friområde.

Utviklingsavdelinga er i dialog med grendelaget om leige/sal av tomta.

Retten må dokumenterast i søknad om spelemidlar.

Kommunal forskotering

Ifm. tilsvarande byggeprosjekt tidligare år har kommunen stått som utbyggjar og ansvarleg for drift og rehabilitering av anlegga i samarbeid med lokale lag og organisasjonar. Grunna innstramming i tolkinga av regleverket re det ikkje å anbefale at dette og komande anlegg vert bygd og drifta etter ein slik modell. Rådmannen anbefalar difor at kommunens bidrag i denne saka bør løysast ved forskotering av spelemidlar og mva-kompensasjon.

Bygging av ballbinge er å rekne som eit nærmiljøprosjekt i spelemiddelordninga. Pr. d.d. har Herøy kommune motteke alle spelemiddeltilskot som er innvilga til nærmiljøanlegg i vår kommune. Det er difor grunn til å tru at dersom det vil vere behov for å forskotere spelemidlar til prosjektet, vil utbetalinga av midlar frå fylket til kommunen vere gjort før utgangen av 2017.

Alle som søker om spelemidlar til anlegg, og fyller vilkåra for å ta i mot spelemidlar gjennom Kulturdepartementets tilskotsordningar for bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, kan søke om å få kompensert meirverdiavgifta som er betalt i forbindelse med anleggsprosjektet. Anlegget må være ferdigstilt før det kan søkast om kompensasjon. Utbetaling av momskompensasjon plar skje før jul.

Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket bidreg til fleire aktivitetar på ein allereie etablert møteplass og legg særleg til rette for auka aktivitet for born og ungdom som motvekt til stillesitjande aktivitetar.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Prosjektet er fremja etter budsjettprosessen, og tiltaket er såleis ikkje nemnt i budsjettdokumenta for 2017.

Forskotering av spelemidlar og mva-kompensasjon vil innverke på kommunens likviditet i 2017.

Fosnavåg, 03.12.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

7. Prioritert handlingsprogram 2015 - 2018

Revidert handlingsprogram

7.1. Ordinære anlegg/rehabilitering og anlegg for friluftsliv 2015 – 2018

K.sak 111/16

	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak	Ansvarleg	Tot. invest	Driftsutg pr. år	Finansiering			Anleggsstart				
			kostnad i 1000 kr		Komm .midlar	Spele midlar	Privatem idler	2012	2013	2014	2015	2016
1	25 meters symjebasseng og stupeavdeling/ rehabilitering Fritidsbadet	Kommunen/ Fritidsbadet	*160.000			13.000			X			
2	Kunstgras Rehab grasbane på Bergsøy stadion	Kommunen/ BIL	10.900	50	2.200	2.500	6.300	X				
3	Kunstgras Gurskøy IL – 7-erbane	Kommunen/ GIL	3.200	35	650	950	1.900		X			
4	Klubblokale/ garderobe/ tribune v/kunstgrasbana	Kommunen/ BIL Fotball	*13.000		2.500	1.600	9.900			X		
5	Klubbhus/ reiskapshus Tjørvåg IL	Tjørvåg IL	**								X*	
6	Idrettshall nye Leinøy skule / Elnedalen skule	Kommunen / BIL Handball	*20.000			7.000					X*	
7	Kunstgras Moltu IL – rehabilitering av anlegg	Moldtustr IL/ Kommunen	**									X
8	Innreling av GIL-kjellar ved Gurskøy stadion	Gurskøy IL	**									X
9	Fotballhall 100 x 60m	Kommunen/ BIL	**									
Friluftslivsanlegg												
1	Tursti rundt Myklebustvatnet	Kommunen	**									X
2	Ny sløyfe rundt Grøneåsen / Leikong	Gurskøy IL	*1.200									X

X = oppstartår / byggestart

* Dette er førebels tal / kryss då anlegga framleis er under planlegging / bygging

**Særleg sikre tal er ikkje avklara

7.2. Handlingsprogram for nærmiljøanlegg

P	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak	Ansvarleg	Invest. kostnad 1000 kr	Driftsutgift pr. år	Finansiering			Anleggsstart				
					KoMi	SpMi	PrMi	2014	2015	2016	2017	2018
1	Tjervåg IL. Aktivitetspark. Skatebane. Paviljong	Tjervåg IL Byggetrinn 2	982			300	682	x				
2	Tjervåg IL. Aktivitetspark. Tennisbane	Tjervåg IL Byggetrinn 3	794			300	494	x				
3	Miljø- og folkehelse tiltak langs Heid Turløype	BIL Trimgruppa	160		20	80	60		x			
4	Aktivitetsplass Frøystad	Frøystad Grendelag								x		
5	Heid Folkehelseanlegg Heidbana - ballbinge	Flusund og Berge Grendelag / kommunen	*300							x		
6	Lys frå dagens løype til Kleppeåsen	Gurskøy IL	*450							x		
7	Nytt opplag/ ny utgåve av turkart for Søre Sunnmøre	Samarb. mellom Sande, Hareid, Ulstein og Herøy	*400									
8	Ballbinge/ aktivitetsfelt Fosnavåg sentrum/ Huldal	Kommunen/ grendelag										
9	Ballbinge – Bø skule	Kommunen/ grendelag										
10	Utbetring av trase rundt Lisjeåsen	Gurskøy IL	*200									
11	Heid Folkehelseanlegg – Miniballbinge/løpebane	Flusund og Berge Grendelag	*140									
12	Ballbinge Remøy - rehabilitering	Remøy Grendelag										
13	Tilknytningstrase til Feirelia	Gurskøy IL	*300									
14	Gapahuk på Tverrfjellet	Heida Vel	*400		0	200	200			x		

Frøystad Grendelag
v/ Robert Valø
6095 BØLANDET

Tlf.: 928 19 544

e-post: robert@baro.no

**Universell utforming
Ballbinge til Frøystad Grendelag.**

Området er i dag planlagt med egne parkeringsplassar for personar med funksjonsnedsetting. Disse er plasserte i område med god tilkomst til heile tomta.

Området der bingen er tenkt plassert er plant med disse parkeringane.

Sjå vedlagte kart og skisser.

Frøystad Grendelag, 28.11.2016

Robert Valø
Frøystad Grend

Frøystad Grendelag
v/ Robert Valø
6095 BØLANDET

Tlf.: 928 19 544

e-post: robert@baro.no


Rampe

Vi har vært i kontakt med Sport Vest og fått informasjon om hvordan det er blitt gjort i forbindelse med rampe på andre tilsvarende ballbinger.

På denne type ballbinge er kanten inn til ballbingen veldig liten, ca 10cm på utsiden og ca 4cm på innsiden. Det som er blitt gjort er å bygge opp med masse på utsiden (ev. støpe en liten skråkant) og på innsiden er kanten så liten at det ikke er behov for noe tiltak. Å bygge opp med masse på utsiden av ballbingen er noe som vil bli gjort samtidig med det andre grunnarbeidet. Så hverken vi eller leverandør av ballbingen anser dette som noe som vil øke kostnaden eller arbeidstimer utover det som allerede ligger i byggingen av ballbingen.

Frøystad Grendelag, 15.11.2016



Robert Valø
Frøystad Grendelag









Bingen 12m x 21,5m



Bingen 12m x 21,5m



Frøystad Grendelag
v/ Robert Valø
6095 BØLANDET

Tlf.: 928 19 544
e-post: robert@baro.no

**Behovsvurdering:
Ballbinge til Frøystad Grendelag.**

Frøystad Grendelag har starta arbeidet med å planlegge korleis den tidligare skuletomta på Frøystad kan utnyttast best mogleg. Området bør utbetrast, samstundes som vi ønsker å vise at Grendelaget vil prioritere fysisk aktivitet for store og små. Dette er nødvendig, då vi ynkjer å unngå at den fysiske forma til barna og ungdomane våre vert dårligere, på grunn av mange stillesitjande aktiviteter.

En ballbinge på tomta vår vil vere kjærkome tilbud for bygda, et tilbud som kan nyttas både av unge og eldre. Tomta ligg sentralt i bygda, så svært mange barn og unge vil ha kort veg til anlegget.

Totalt tel Frøystad grend ca. 215 husstandar. Med eit snitt på 3 personar pr. husstand vil dette seie ca. 650 personar. Grenda tel 55 born som er registret i barneskulen. Byggefeltet like ovanfor er eit populært boligfelt med mange småbarnsfamilier. Her er det også planlagt ei stor utbygging.

Vi ønsker også å nytte anlegget til aktivitet og alt det sosiale en ballbinge kan bidra med. I tillegg til ballbingen inneheld tomta også eit stor grusområde som under riktige værforhold vært nytta til isbane vinterstid. I enden av denne er det planlagt ein gapahuk. Et nærmiljø som dette meiner vi vil være med på å stimulere borna på en positiv måte.

Frøystad Grendelag, 28.11.2016

Robert Valø
Frøystad Grend

Navn på anlegget:
Anleggsnr.

KOSTNADSOVERSLAG

Kostnadstype	Materialkostnader		Arbeidskostnader		Sum kjøp	Sum mva.	Samlet kostnad (inkl. mva)
	Herav kjøp	Rabatt	Herav kjøp	Dugnad			
	A	B	C	D			
					-	-	-
Bingen 12m x 22m	282,600				282,600	70,650	353,250
Inkl. 270 m2 - kunstgras					-	-	-
Lim og tape	2,500				2,500	625	3,125
Reise, diett,	500				500	125	625
Grunnarbeid	58,250			15,000	58,250	14,563	87,813
Fundament	40,000			15,000	40,000	10,000	65,000
Oppfylling grusmasser	18,000			8,000	18,000	4,500	30,500
Fraktkostnader			18,000		18,000	4,500	22,500
					-	-	-
Montering kunstgress			4,500	8,000	4,500	1,125	13,625
					-	-	-
Montering BINGEN			5,500	16,000	5,500	1,375	22,875
Montering lys				20,000	-	-	20,000
Opprydding				6,000	-	-	6,000
					-	-	-
Adminstrasjon				12,000	-	-	12,000
					-	-	-
					-	-	-
					-	-	-
					-	-	-
					-	-	-
Total kostnad	-			100,000			637,313

Sport Vest

Spesialist på ballbinger

Tilbud:

Frøystad Grendelag
v/ Robert Valø
6095 BØLANDET

Volda, 15.11.2016

BINGEN , spilleflate ca. 12m x 22m

270m² kunstgras (Type: Hatko - Trinidad 32mm).

Kunstgresset har en høg standard og treng ikke innfyll av sand og gummigranulat.

- 4 generasjons kunstgress

Løsning med normale vegghøyder: Stålpanel

I denne prisen ligger det:

- Kunstgress
- Komplett ballbinge med 2 målmoduler og 2 målnett
- 1 stk port, som også kan nyttes som Jump in.
- Støtabsorberende gummiforinger mellom rammeverk/paneler
- Volleyball stenger og nett
- Basket utstyr. To ringer med nett, og to basketplater.

Samlet pris inkl. kunstgress kr. 282.600,-

Lim og tape kr. 2.500,-

Montering:

Arbeidsleder ved montering på dugnad kr. 5.500,-

Arbeidsleder ved legging av kunstgress kr. 4.500,-

Reise/ Diett/: kr. 500,-

Fraktkostnader levert 6095 Bølandet kr. 18.000,-

Opsjonar:**Fangnettløsninger :**

pr. kortvegg frem til hjørner inkl. stag à 5m	kr. 11.500,-
pr. kortvegg rundt hjørner inkl. stag à 5m	kr. 14.500,-
pr. langvegg frem til hjørner inkl. stag à 5m	kr. 14.000

Lysanlegg:

2 stk. 7m galvaniserte lysmaster, mastetopp Ø60mm.
2 stk. Ørstafundament, cc 160mm.
2 stk. traverser for oppheng av 1. stk. lyskaster.
2 stk. lyskastere 400 W / 250 W.
2 stk. lyskilder 400 W hvitt lys. (HQL-T)

Pris kr. 18.900,-

Prisene er ekskl. tilkoplingsmateriell, kabler , tidsbrytere m.m.

Alle oppgitte priser er ekskl. mva.

Normal leveringstid: 6-10 uker fra bestilling.

Alle tilbud er gjeldende i tre-(3) måneder fra tilbudsdato.

Lossing av ballbingen frå semitrailer utføres av kunde.

Volda, 15.11.2016

Sport Vest AS

Eldar Meek
Dagleg leder

Børge Gjølseth

To: Robert Valø
Subject: RE: Ballbinge

Fra: håvard arhaug [<mailto:arhaug.maskin@gmail.com>]
Sendt: 9. november 2016 10:25
Til: Robert Valø
Emne: Re: Ballbinge

Hei.
Alternativ på flatt plass.
Pukk. 20250
Grus. 11000
Arbeid. 18000
Transport 9000
Totalt. 58250

Alternativ opp i skråning. Blir arbeide 41000..

Mvh
Håvard
Arhaug maskin

3. nov. 2016 6:26 p.m. skrev "Robert Valø" <robert@baro.no>:
13mx21m

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

Oppstett over dugnadstimer i forbindelse med ballbinge ved Frøystad

Kostnadsoverslaget er beregna ut i frå en timesats på kr. 250,-

Grunnarbeid: 60 timar.

3 mann à 20 timar x 250 = kr. 15.000,-

Fundament: 60 timar.

4 mann à 15 timar x kr. 250 = kr. 15.000,-

Oppfylling av grusmasser. 32 timar.

4 mann à 8 timar x kr. 250,- = kr. 8.000,-

Montering kunstgras: 32 timar.

4 mann à 5 timar x kr. 250,- = kr. 8.000,-

Her er tatt med monterings tid, og tid brukt på å få rullane inn i bingen.

Går med litt tid å losse bilen, med kunstgras..

Montering ballbingen. 64 timar.

4 mann à 16 timar x kr. 250,- = kr. 16.000,-

Inklusiv lossing av bil, tilkjøring av ballbinge element.

Montering av ballbingen.

Justering og oppretting dag 2.

Opprydding: 24 timar

3 mann à 8 timar x kr. 250,- = kr. 6.000,-

Opprydding av diverse restar av kunstgress, lim spanner, papp, plast o.l.

Kjøring t/r til avfallplass.

Administrasjon: 48 timar

1 - 2 mann fordelt på 2 personer 48 timer x kr. 250,- = kr. 12.000,-

Dette er antall timar en til to personar, har brukt i tid, med bl.a. utfylling av spelemiddelsøknad,

Antall timer i telefon, møter, kontorarbeid osv...

Ballbinge og kunstgras:

Totalt er det 320 dugnadstimar x kr. 250,- pr. time = kr. 80.000,-

Lysanlegg:

Her må det støypast to stk. fundament, eller grave ned to ørstafundament.

I tillegg leggst ned rør for kabel frå el.punkt, til stolpar.

Dugnadstimar:

Alt. 1. 30 timar

2 mann à 15 timar x kr. 250,- = kr. 7.500,- -- Ørstafundament,

Eller

Alt. 2. 50 timar.

2 mann à 25 timar x kr. 250 = kr. 12.500,- - Støyping av fundament.

Navn på anlegget: _____
 Anleggsnr: _____

FINANSIERING

De ulike deler av finansieringsplanen for anlegget må dokumenteres med vedlegg.
 Finansieringsplanen må dekke de samlede kostnader ved bygging av anlegget.

	Beløp	Bilag nr	Beløp godkjent av fylkeskommunen
1. Søknadssum <i>SPELEMIDLAR</i>	Kr 300,000		
2. Egenkapital	Kr 10,000		
3. Kommunalt tilskudd	Kr		
4. Fylkeskommunalt tilskudd	Kr		
5. Private tilskudd	Kr 100,000		
6. Lån	Kr		
7. Dugnad	Kr 100,000		
8. Gaver/rabatter	Kr 20,000		
9. Andre tilskudd <i>MVA-komp.</i>	Kr 107,000		
10. Tidligere spillemidler	Kr		
Sum	637,000		

Dokumentasjon på finansiering:

Egenkapital dokumenteres med utskrift fra den opprettede anleggskontoen.
 Egenkapital skal være innført på denne kontoen når søknaden fremmes.

Kommunalt tilskudd bekreftes med kopi av vedtaksprotokoll.

Fylkeskommunalt tilskudd bekreftes med kopi av vedtaksprotokoll.

Private tilskudd kan føres opp her, dokumentert med gavebrev, kontoutskrifter, e.l.
 Søker må vurdere om private tilskudd heller skal inngå som egenkapital.

Lån dokumenteres med et lånetilsagn fra bank e.l.

Dugnad godkjennes med det samlede beløp som er ført opp i kostnadsoverslaget (se side 2).
 Søkeren forplikter seg til å utføre dugnadsarbeid gjennom å føre opp dette beløpet.

Gaver/rabatter bekreftes gjennom gavebrev og/eller skriftlig tilsagn fra ulike firma som gir rabatt på kjøp av varer.

Det vil i regnskapet ikke bli godkjent høyere verdi for dugnad/gaver/rabatter enn det beløp som godkjennes i søknaden.

Andre tilskudd bekreftes gjennom dokumentasjon (tilskuddsbrev e.l.).

Tidligere spillemidler bekreftes gjennom kopi av tilskuddsbrev fra fylkeskommunen.

FØLGENDE VEDLEGG SKAL FØLGE SØKNADEN:

Vedlegg nr 1: Forhåndsgodkjente planer med behovsoppgave for anlegget.

Vedlegg nr 2: Detaljert kostnadsoverslag.

Vedlegg nr 3: Dokumentasjon på de ulike deler av finansieringsplanen (se ovenfor).

Vedlegg nr 4: Plan for drift av anlegget.

Vedlegg nr 5: Kopi av bekreftet grunnboksutskrift.

Ved avtale om feste/leie kreves også kopi av tinglyst feste-/leieavtale (min. 20 år).

Børge Gjelseth

From: Per Ronald Knutsen <perronald.knutsen@sbm.no>
Sent: Tuesday, November 29, 2016 2:17 PM
To: Børge Gjelseth
Subject: SV: Ballbinge Frøystad Krins

Hei Børge,

Under forutsetning av fullfinansiering og godkjenning i ulike fora vil Sparebanken Møre bidra med kr. 50 000,- til dette flotte ballbingeprojektet.

Med vennleg helsing

Per Ronald Knutsen | Banksjef – Autorisert finansiell rådgjevar | Sparebanken Møre, Fosnavåg
 Tlf. 90 50 51 13 | sbm.no | [Facebook](#) | [Engasjert!](#)



SKYPE MED
EN RÅDGIVER



CHAT MED
KUNDESERVICE



CHAT FRA
NETTBANKEN

Fra: Børge Gjelseth [mailto:bjg@mmc.no]

Sendt: 28. november 2016 17:22

Til: Per Ronald Knutsen

Emne: Ballbinge Frøystad Krins

Hei Per Ronald,

Frøystad grendalag fikk for en stund siden avtale med Herøy kommune om å kunne overta skuletomta på Frøystad. I denne forbindelse har vi laget en plan over hva som bør gjøres for å gjøre plassen til et trivelig område for små og store.

Vi ser stor verdi i å kunne bygge en ballbinge, og jobber nå med finansieringen av denne.

Slik det ser ut nå vil totalprisen beløpe seg til underkant av 400 000.- ex moms:

300 000.- ballbinge med tilhørende lys, 60 000.- opparbeiding av område, 10 000.- grunnmur.

Bygging, forskaling ++ vil bli gjort i form av dugnad.

Vi håper på å oppnå 50% støtte fra tippemiddler.

Hadde i dag møte med Eileen Gjerde i kommuna.

Det vi mangler nå er en totalplan for finansieringen. Grendalaget har noe egenkapital, men dette er øremerket en gapahuk, samt tiltak på isbana.

Hjelp fra våre lokale sparebanker ville være svært kjærkomment.

Er det mulighet for Sparebanken å kunne støtte tiltaket med Ballbinge på Frøystad?

Mvh

Børge Gjelseth

/på vegne av Frøystad Grendalag

Børge Gjelseth

From: Svein Nærø <svein.naro@sparebanken.no>
Sent: Wednesday, November 30, 2016 9:23 AM
To: Børge Gjelseth
Subject: SV: SV: Ballbinge Frøystad Krins

Det er ei eiga nemnd som tildeler midlane med oss.
Vanskeleg å forespeila i dag, men ein stad mellom 25 000 og 50 000 vil eg tru kan vere mulig å oppnå.

Med venleg helsing
Svein Nærø
Kontorleiar Herøy
SpareBank 1 Søre Sunnmøre

70070000 – Kundesenter (Alle dagar 7-24)
70070007 – Bedriftssenter (Måndag-fredag 8-16)
98287880 – Direkte
Epost- svein.naro@sparebanken.no
sparebanken.no

Fra: Børge Gjelseth [mailto:bjg@mmc.no]
Sendt: 30. november 2016 09:10
Til: Svein Nærø <svein.naro@sparebanken.no>
Emne: Re: SV: Ballbinge Frøystad Krins

Hei Svein,

Takk for svar.
I denne omgang er spørsmålet om støtte mest tenkt som grunnlag for total finansieringsløsning.
Avtale om tomte kom seint i forhold til frist for søknad om ballbinge. Fristen går ut i morgen, og da må vi ha en plan for finansiering klar.

Per Ronald i SBM svarte at de vil støtte dette flotte prosjektet med 50 000.- dersom ellers alle rammer for slike tiltak er i oppfylt.

Jeg kjenner til at en kan søke prosjektmidler hos dere, og dette vil vi gjøre. Men kan du si noe om sannsynlighet for å oppnå dette, og eventuelt beløp?

Best regards

Børge Gjelseth
Sales & Marketing Director
MMC GREEN TECHNOLOGY AS
Mjølstadneset
N-6092 Fosnavåg
Phone: + 47 815 70 002
Cell: +47 90 06 11 97

Den 30. nov. 2016 kl. 08.48 skrev Svein Nærø <svein.naro@sparebanken.no>:

Frøystad Grendelag
v/ Robert Valø
6095 BØLANDET

Tlf.: 928 19 544

e-post: robert@baro.no

Plan for drift av anlegget -

Ballbinge Frøystad Grendelag.

Vi har oppretta ei ansvargruppe i Grendelaget som hovedsaklig vil stå for drifta av anlegget.

I tillegg skal også andre foreldre innvolverast i driftsansvaret.
Dei skal syte for at anlegget til ei kvar tid er i god stand.


Vår bane skal være åpen heile året, også vintertid, slik at ungdomane kan møtas meir spontant gjennom heile året. Ballbingen vil være stengt mellom kl.22.00 og fram til kl. 08.00

Bølandet, 15.11.2016

Robert Valø
Frøystad Grendelag

Referatsaker

**RS 11/16 Tilskot til 17.mai 2016 på Bergsøy Tilskot til 17.mai 2016 på Bergsøy
03.12.2016 00:00:00**



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

Tanja Sætre Leikanger

Øvre Myklebust 4
6092 Fosnavåg

DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	ENG	Saksnr.	2016/1411
Utvalssaksnr:		Arkiv:	223
		Vedtaksdato:	03.12.2016

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

Tilskot til 17.mai 2016 på Bergsøy

Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt vedtak:

Vedtak:

1. 17. mai komiteen for Bergsøy får eit tilskot til dekning av husleige m.v., annonsering og lyd ved kransenedlegging på i alt kr. 6 501 for 2016.
2. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.385 Andre kulturaktivitetar

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket du klagar over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnane du vil vise til i klagen. Dersom du klager seint, slik at det kan være uklårt for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje datoen denne meldinga kom fram.

Kopi:
Geir Egil Olsen
Eileen Gjerde

Vedlegg:



Saksopplysningar:

Viser til dykkar søknad datert oktober 2016 om tilskot til 17. mai arrangementet på Bergsøya.

I vedlagte søknad vert det opplyst at 17. mai komiteen har hatt utgifter til husleige og reinhald på kr. 6900 ifm. årets arrangement, samt til annonsering til kr. 3 902 og til lyd ved bauta ifm kransenedlegging til kr. 2 200. Søknadsbeløpet er på kr. 6 501.

17. mai komiteen har vedtatt at overskotet skal delast mellom Bergsøy skulekorps og ein frivillig organisasjon.

Vurdering og konklusjon:

Ved tilskot / refusjon til 17. mai-arrangement seier retningslinene at:

«1. Herøy kommune kan vere med å dekkje inntil halvparten av husleigeutgiftene som 17-mai komiteen vert belasta i høve leige av lokale til 17-mai arrangement i komiteane sin regi.


2. Herøy kommune kan vere med å dekkje inntil halvparten av spesifiserte ekstra utgifter for vask som ikkje går inn i husleigesatsane.

3. Fellesutgifter eller offentlege utgifter som t.d. utgifter til krans og lyd ved kransepålegging, vert dekt fullt ut etter rekning.»

Med bakgrunn i retningslinene for utbetaling og motteken søknad vedtek kommunen å gje kr. 6 501 i tilskot. Tilskotet vert overført dykkar konto nr. 3909 30 43387.

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

Gunnar Kjell Sydhagen

Gamlevegen 15
6076 Moltustranda

DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	ENG	Saksnr.	2015/882
Utvalssaksnr:		Arkiv:	223
		Vedtaksdato:	23.11.2016

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

Tilskot til 17. mai 2016 på Moltustranda

Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt vedtak:

Vedtak:

1. 17. mai komiteen for Moltustranda får eit tilskot til dekning av husleige og reinhaldsutgifter på i alt kr. 6 199 for 2016.
2. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.385 Andre kulturaktivitetar

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket du klagar over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnane du vil vise til i klagen. Dersom du klager seint, slik at det kan være uklårt for oss om du har klagt i rett tid, må du også oppgje datoen denne meldinga kom fram.

Kopi:
Geir Egil Olsen



Vedlegg:**Saksopplysningar:**

Viser til dykkar søknad datert juli 2016 om tilskot til 17. mai arrangement på Moltustranda.

Det vert opplyst i søknaden at 17. mai komiteen har hatt utgifter til husleige og reinhald på kr. 12 398 ifm. årets arrangement.

Det er ikkje opplyst til kva eller kven eit evt. overskot av arrangementet skal gå til.

Vurdering og konklusjon:

Ved tilskot / refusjon til 17. mai-arrangement seier retningslinene at:

1. «Herøy kommune kan vere med å dekkje inntil halvparten av husleigeutgiftene som 17-mai komiteen vert belasta i høve leige av lokale til 17-mai arrangement i komiteane sin regi».

2. «Herøy kommune kan vere med å dekkje inntil halvparten av spesifiserte ekstra utgifter for vask som ikkje går inn i husleigesatsane».

Med bakgrunn i retningslinene for utbetaling finn kommunen å kunne gje kr. 6 199 i tilskot. Tilskotet vert overført dykkar konto nr. 3909.30.36453.

Viser elles til retningslinene for tilskot pkt. 4, der det heiter at evt. overskot for 17. mai arrangementet bør gå til lag/organisasjonar som er viktige medspelarar i avviklinga. Kommunen ber om tilbakemelding på kven eller kva eit evt. over skot skal gå til.

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur